



Arkivsaksnr.:  
2024/1159

Dokumentdato:  
22.01.2024

Styre:  
Fakultetsstyret ved Det psykologiske fakultet

Styresak:  
8/24

Møtedato:  
08.02.2024

---

## Utlysning - Senterleder (professor/førsteamanuensis) ved Senter for krisepsykologi

---

### Bakgrunn

Senter for krisepsykologi ber i brev, datert 18.01.2024, om å få lyse ut en midlertidig stilling som senterleder. Stillingen er for en åremålsperiode på fire år, primært for en person med professorkompetanse. Dersom det ikke melder seg søkere med professorkompetanse, kan det bli aktuelt å ansette i stilling som førsteamanuensis.

Stillingen er finansiert innenfor rammene av senterets grunnbevilgning. Senterleder rapporterer i linje til dekan. Senterlederen vil ha rapporteringslinje til dekan.

Behovet for utlysning av stillingen som senterleder har vært diskutert med dekan og direktør. Fungerende senterleder Unni Marie Gulla Heltne og administrasjonen ved SFK har gått gjennom og revidert utlysningsteksten som ble brukt ved den forrige utlysningen våren 2022.

### Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret godkjenner utlysningen av åremålsstilling som senterleder ved Senter for krisepsykologi. Dekan gis fullmakt til å foreta eventuelle nødvendige justeringer i tekst før utlysning.

Norman Anderssen  
dekan

Ove Chr. Borge  
fakultetsdirektør

Vedlegg  
Brev fra Senter for krisepsykologi  
Utllysningstekst - norsk



Det psykologiske fakultet

Referanse

2024/1159-ARMO

Dato

18.01.2024

## **Anmodning om utlysning av stilling som senterleder ved Senter for krisepsykologi**

Senter for krisepsykologi ber om at den vakante stillingen som senterleder blir utlyst. Stillingen er en åremålsstilling, og ansettelsesperioden er fire år med mulighet til å søke om inntil en ny åremålsperiode.

Stillingen er finansiert innenfor rammene av senterets grunnbevilgning.

Forslag til utlysningstekst er vedlagt

Vennlig hilsen

Unni Heltne  
Fungerende senterleder

Arne Magnus Morken  
administrasjonssjef

Kopi  
Eli Kristine Winther



Jobbnorge-ID: 256710

Søknadsfrist: Løpende

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Heiltid

Varighet: Åremål

## Senterleiar ved Senter for krisepsykologi

### Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=vtJLmcUJ3-w>

### Senterleiar ved Senter for krisepsykologi

Ved Senter for krisepsykologi er det ledig ei (100 %) stilling som senterleiar. Leiarstillinga er ei åremålsstilling (kode 1475 Instituttleiar), og tilsetjingsperioden er fire år med høve til å søkje om inntil ei ny åremålsperiode.

**Om senteret:** Senter for krisepsykologi vart oppretta i 2017 som eit sjølvstendig senter ved Det psykologiske fakultet. Senteret si verksemd er retta mot forskning, utdanning og formidling innan krisepsykologi med satsing innanfor hovudområda sorg, kriser og traume og alvorleg somatisk sjukdom. Senteret har samarbeid med ei rad internasjonale partnerar og har ekstern finansiering av fleire forskings- og utdanningsprosjekt. Senteret har 13 tilsette i faste- og 9 tilsette (forskarar, stipendiatar og postdoktorar) i mellombelse stillingar.

### Arbeidsoppgåver/forskningsområde:

Leiar for Senter for krisepsykologi vil ha overordna ansvar for senteret si verksemd. Senterleiar vil ha ei viktig rolle i den faglege utviklinga av senteret som del av Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen.

Konkrete arbeidsoppgåver vil mellom anna vere:

- Vidareføre og styrke senterets nasjonale og internasjonale profil
- Utøve leiing i tråd med senteret si målsetting om å være eit internasjonalt anerkjent kompetansmiljø i krisepsykologi og stimulere til eit innovativt fagmiljø som inspirerer og motiverer tilsette til fagleg utvikling.
- Legge til rette for og ha ansvar for at senteret utviklar søknader om ekstern forskningsfinansiering.
- Fremje lokalt, nasjonalt og internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid.
- Bidra til senteret sin strategi ved å ha oppdaterte planar for senteret si verksemd og sørge for at ressursar vert nytta i samsvar med desse.
- Utvikle et stadig tettare samarbeid med fagmiljø ved fakultetet og universitetet.
- Sørge for velegna administrative tenester og for effektiv drift av verksemda.
- Ansvar for senteret sin økonomi.
- Utøve personalansvar for tilsette ved senteret og ha overordna ansvar for resultat innan utdanning, formidling, forskning, forskarutdanning og forvaltning.

Senterleiar rapporterer til dekan

### Kvalifikasjonar og eigenskapar:

Vi søker senterleiar som:

- Har psykologisk eller helsefagleg bakgrunn med relevant kompetanse innan krisepsykologi og/eller senteret sine hovudområde.
- Er forskar med dokumentert professorkompetanse. Dersom det ikkje melder seg søkjarar med professorkompetanse, kan det vere aktuelt å tilsetje søkjar med kompetanse som førsteamanuensis.
- Har erfaring frå utdanning, forskning og utøvande arbeid innan senteret sitt fagområde. Internasjonal erfaring er ein fordel .
- Har erfaring med å leie fagleg verksemd innan UH-sektoren.
- Har ein motiverande og inkluderande leiarstil prega av samarbeid, medverknad og dialog.
- Har gode evner til kommunikasjon, og kan uttrykke seg godt skriftleg og munnleg både på norsk eller eit anna skandinavisk språk og engelsk.
- Har evne til å skape tillit og byggje nettverk internt ved UiB og eksternt med regionale, nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar.

- Har god innsikt i kunnskapsorganisasjonar og dei krav som vert stilt til administrative tenester og god økonomistyring.

## Vi tilbyr:

- Tilsetjing som Senterleiar (i kode 1475 Instituttleiar) og løn etter nærare avtale og gjeldande tariffavtale. Frå bruttoløna vert det trekt 2 % til pålagt medlemskap i Statens pensjonskasse.

Vi tilbyr også:

- Varierte og utfordrande arbeidsoppgåver i eit godt arbeidsmiljø
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

## Søknaden skal innehalde:

- CV
- Vitnemål og attestar.
- Dokumentasjon på professor eller førseamanuensiskompetanse.
- Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i Jobbnorge.

## Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: fungerande senterleiar Unni Heltne +47 55 58 46 81

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

## Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det psykologiske fakultet består av fem institutter og to senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

## Tilleggsinformasjon

### Arbeidsstad:

Christiesgate 13 5015 Bergen (Bergen Kommune)